

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.06.2016

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Erstattar dei to siste setningane:
Stillinga vert lagt direkte under fylkesrådmannen.»

Røysting

Innstillinga med Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.
Innstillinga fekk 9 røyster (SV, KrF, Sp, A, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

Det skal i tråd med budsjettvedtaket for 2016 tilsettast elev- og lærlingombod frå 01.08.2016. Ombodet skal ha ei uavhengig rolle i fylkeskommunen og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar etter opplæringslova blir oppfylt. Stillinga vert lagt til opplæringsavdelinga. Etter eit år skal det verte evaluert kor i organisasjonen ombo-det skal vere innplassert.